

## Referat 22.06.2022 – Fiberutbygging Nord-Sandom til Tessand

### Til stades:

- Åtte innbyggjarar (sju frå Lom, ein frå Vågå)
- Næringssjef og ordførar på vegne av Lom kommune
- Regional breibandkontakt, Marianne Fjellveit
- Fire representantar frå HomeNet
- 

### Innleiing frå kommunen:

Nord-Gudbrandsdalen søkte om tilskot til breibandsutbygging i såkalla «ikkje-kommersielle område» attende i 2019, og fekk innvilga tilskot frå NKOM. For Lom kommune var det eit strekke frå Nord-Sandom til Tessand som vart prioritert. Arbeidet var deretter lagt ut på anbod. Nord-Gudbrandsdalen fekk inn tre tilbod, og det var HomeNet som vann anbudet. Bedrifta er no godt i gong med salget, og det er bakgrunnen for at det no blir arrangert grendamøter i heile Nord-Gudbrandsdalen.

### Presentasjon frå HomeNet:

- HomeNet som selskap har ikkje vore så kjent for folk flest, men no har dei mange utbyggingsprosjekt i Innlandet.
- Det er bedrifta Brunbjørn som skal grave. Dei grev fram til eigendomsgrensa, og har dermed ansvar for desse installasjonane dersom dei skulle bli øydelagt. Men frå eigendomsgrensa og inn til huset er det huseigar som må grave. Alternativt må ein kjøpe denne tenesten. Installasjonen er det HomeNet som tek seg av. Dei ringer og avtaler tid med huseigar. Dei kjem til å ha eit graveteam i området, som det er mogleg å prate med.
- For å få lov til å grave må dei ha signerte grunneigaravtaler på plass fyrst. Aktuelle grunneigarar vil bli kontakta. Det vil bli gravd langs veg der dette er mogleg.
- Det er opp til huseigar kvar boksen skal henge inne i huset, men det blir anbefalt at det er i hovudstue der TVen er plassert. Kabelen skal ligge på ca. 15-20 cm djupt, men det er heilt opp til huseigar kor djupt det skal ligge. Det er nemleg huseigar sitt ansvar å sørge for at denne ikkje blir øydelagt.
- HomeNet har gått heilt vekk i frå å legge fiber i stolper, derfor legg dei alt i bakken.
- Det er ynskjeleg å starte gravinga så fort som råd, men det forutsetter at alle grunneigaravtaler er på plass. Viss dei lykkast med å få på plass alle avtalar innan september så vil fiberen vere på plass til januar. Dersom grunneigaravtalene ikkje kjem på plass innan september så vil det ta lenger tid, da må dei sannsynlegvis vente med gravinga til etter at frosten er forsvunnet i 2023. Derfor er det viktig at folk anten signerer grunneigaravtaler så fort som mogleg, eller gir attendemelding dersom det er behov for justeringar.
- 

### Priser:

- Kan tilby to abonnoment – sjå presentasjon frå HomeNet
- Med nyutbygging er det alltid ein kampanje. Etter 12 mnd går den opp. Det er mogleg å bestille kun internett, eller internett + Tvpakke. Sjå elles presentasjon frå HomeNet eller finn meir informasjon her: <https://www.homenet.no/nord-gudbrandsdal/>  
Denne vil bli oppdatert med jamne mellomrom.

Referent: Åshild Myhre Amundsen, Lom kommune. Kommunen tek atterhald om feil i referatet.